

Protokoll styremøte i Valdresmusea AS**2024:1**

Stad: Teams

Tidspunkt: Fredag 2. februar kl. 14.00

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Kristin Gulbrandsen, Odd Arne Klemmetsrud og Arne Erik Fønhus. Fråfall: Jørand Ødegård Lunde.

Til stades frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 1/2024. Spørsmål om tap av fordring (Unntatt offentlegheit. Offl. § 13 jfr Fvl. §13)

Styret er tidlegare gjort kjent med ein krevjande økonomisk situasjon for Munkekroen AS. Gjennom fleire år har selskapet opparbeidd seg gjeld til Valdresmusea AS. Årsakane er truleg samansette, men det har vore krevjande tider for restaureringsbransjen i fleire år.

Kafédrifta ved Valdres Folkemuseum har sidan 2010 vore i samarbeid med eksterne drivarar. Slik har Valdresmusea kunne konsentrere seg om drifta og den museumsfaglege aktiviteten, som òg har vore i tråd med dei nasjonale forventingane.

Museumsoppdraget har endra seg mykje sidan 2010. I takt med profesjonalisering har ein også utvikla publikumstilbodet og den finslipte vertskapsrolla. Det har ført til mellom anna fleire konferansar, kurs og anna utoverretta arbeid. Og til alt dette har forventningane om ei fyrsteklasses matoppleving auka.

Samarbeidet med Munkekroen AS er regulert av leigeavtalen. Men samarbeidet er også basert på tillit. Derfor har Valdresmusea engasjert seg mykje for at *mattilbodet* – fyrst og fremst – skal vere det beste. Alle dagar er ikkje travle dagar, og etter pandemien har det i Munkekroen vore merkbart stille. I desse periodane har også gjelda bygd seg opp.

Styret har gjennom fleire år vore orientert om gjeldsutfordringa for kafédrivaren. Men lik som i andre saker som har rørt ved anten klagar eller manglande leveranse frå ein samarbeidspart, har styret også i denne saka vore oppteken av å løyse ho «på huset», og slik unngå inkasso og rettsleg prosess. Ein har fleire gonger invitert kafédrivaren til samtale – om gjelda og det framtidige samarbeidet, men i takt med at gjelda har fått vekse, har også dialogen vorte meir og meir krevjande.

I rekneskapen er det per no avsett eit tap tilsvarande 50 % av fordringa, kr. 94 733. På grunnlag av den informasjonen vi no har fått frå kafédrivaren bør styret vurdere om ein skal auke det avsette tapet med ytterlegare kr. 116 142 (restgjeld), til saman kr. 210 875.

Vedtak:

Styret vedtek å avsette for eit tap tilsvarande den totale gjelda på kr. 210 875.

Styret vedtek at styreleiar Jan Arild Berg og styremedlem Arne Erik Fønhus, saman med Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene frå administrasjonen, går i dialog med drivarane av Munkekroen. Med utgangspunkt i dagens situasjon er det eit mål å avklare framtidsutsiktene.

Sak 2/2024. Fastsetting av rentesats for lån/mellomværande

Valdres Folkemuseum AS har foreløpig ikkje tatt opp eksternt lån i samband med utført vedlikehald og oppgradering av utstillingar og bygg. Valdresmusea AS har hatt likvid kapital til å bere kostnadane, og for begge selskapa har det vore vurdert som ein fordel om ein kunne unngå låneopptak i bank.

I styremøte 2. februar ber ein styret fastsette rentesatsen for Valdresmusea AS si fordring til Valdres Folkemuseum AS. Administrasjonen sitt forslag til rentesats for 2023 er:

3 % av gjennomsnitt fordring: 2.200.000 x 3% = 66.000

4 % av gjennomsnitt fordring: 2.200.000 x 4% = 88.000

Vedtak:

Styret vedtek ein rentesats på 3 % på Valdresmusea si fordring til Valdres Folkemuseum.

Sak 3/2024. Førebels rekneskap med balanse for 2023

Den førebelse rekneskapen viser eit driftsresultat på kroner 274 957. Då er det ikkje tatt omsyn til eit eventuelt vedtak i sak 1. Det er ei betydeleg auka i kostnadar knytt til løn og pensjon. På ei anna sida er det ein god utvikling i inntekter knytt til besøk og arrangement, prosjekt, og sal av varer og tenester, særleg frå instrumentverkstaden. Sjå vedlagt rapport.

Vedtak:

Styret tek den framlagte rekneskapsrapporten til vitande.

Sak 4/2024. Budsjett og arbeidsplan for 2024

Valdresmusea er ei moderne bedrift med 25 tilsette og ei omsetning på 30 mill. kroner (2024). Med det følgjer plikter om god økonomistyring og kloke planar for museumsfagleg drift og utvikling. Tiltaksplanen speglar det økonomiske handlingsrommet. Dette følgjer av dei økonomiske vilkåra gitt av Stortinget og andre offentlege bidragsytarar, i tillegg til dei inntektene som museet skapar sjølv.

Arbeidsplanen følgjer opp ambisjonane og målsettingane slik desse kjem til uttrykt i styret sin strategi. Arbeidsplanen følgjer òg opp dei måla som styresmaktene ber museumssektoren følgje særleg opp, og elles dei pliktene som følgjer av avtaleverk, tilskottsbrev og samarbeidsavtaler.

Det har vore jamn vekst i det statlege tilskottet sidan 2008. For 2024 aukar dette med 1 mill. kroner og utgjer no 14,4 mill. kroner. Det samla offentlege tilskottet (stat, fylke, kommune) er på 18 mill. kroner. Det statlege tilskottet aukar. Det gjer ikkje det kommunale. Eit mål for styret må vere å jobbe for å auke dette tilskottet. Utan kommunal auke vil ein ikkje kunne ta på seg nye oppgåver. Det har berre vore marginal vekst i det fylkeskommunale tilskottet. I 2024 utgjer dette 2,6 mill. kroner.

Totalbudsjettet for 2024 er på heile 30 mill. kroner og viser eit resultat på 237 000 kroner. Det store ENØK-tiltaket bidreg til ein betydeleg budsjettvekst for 2024. KLP-kostnadane er òg veksande og for 2024 er denne 1,8 mill. kroner. Straumkostnadane var svært høge i 2022. I 2023 fall desse ned att på eit slags normalnivå og i 2024 anslår ein at straumkostnadane kjem på cirka 650 000 kroner.

Med prosjektmidlar får museet realisert fleire tiltak. Prosjektmidlane bidreg òg til at ein sikrar botnlina i Valdresmusea sitt budsjett. Det er flott, men tankevekkande. Det betyr mellom anna at det ikkje ligg inndecking for dei faste kostnadane – som aukar – i dei faste offentlege tilskotta – som sjeldan aukar. Prosjektmidlar utgjer saman med billettinntekter, kursinntekter, leigeinntekter og sal av varer og tenester dei eigenskapte inntektene. I 2024 utgjer desse inntektene 11,8 mill kroner.

Dei siste åra har Kulturdepartementet bede ein prioritere arbeidet med mangfald og inkludering. I etterkant av framlegginga av Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport i 2023, har Stortinget forsterka forventningane om at ein i større grad må legge til rette for dialog, inkludering og mangfald, særleg overfor minoritetar og urbefolkningsgrupper. Saman med Sametinget og Saemien Sijte på Snåsa vil Valdresmusea i 2024 formidle historia om Lussi Kant (–1944) på Valdres Folkemuseum.

Innsatsar på dette området romar i tillegg forskingsprogrammet «Museene i mangfoldige samfunn», der Valdresmusea i 2024 bidreg med ein artikkel i ein antologi, og «Ung i debatten», eit demokrati-læreprogram for elevar i den vidaregåande skulen. «Ung i debatten» er støtta av Sparebankstiftelsen DNB og blir avslutta i 2024.

Styret vedtok i 2021 å løfte støling og hyttekultur som satsingsområde. I 2022 fekk Valdresmusea 2,6 mill. kroner frå Kulturdepartementet til tiltak på dette området. «Eit skigardsdele», som er namnet på prosjektet, går over tre år og skal bidra til auka kunnskap om forvaltning av utmarka. Prosjektet blir til i samarbeid med Randsfjordmuseet, Lillehammer Museum, Gudbrandsdalsmusea og Anno Museum.

Prosjektmidlar er gjerne knytt til tiltak som fører til utvikling og fornying av museumssektoren, slik som «Eit skigardsdele». Men prosjektmidlar kan òg gå til tiltak som istandsetting og vedlikehald. Med støtte frå UNI Stiftelsen og Kulturdepartementet (eingongstilskott i 2021 og auka driftstilskott i 2024) får ein gjennomført tiltak på Frigstadplassen og Stabell-bygningen. Tiltaka skal ferdigstillast i 2024.

Valdresmusea har lenge hatt behov for dedikerte handverkarar. I 2023 vart det tilsett ein handverkar i 100 % stilling på museet på Fagernes, og ein handverkar i 40 % stilling på museet i Hedalen. Med nye prosjektilskott vil ein òg halde fram med å kjøpe tenester på dette området.

I 2022 fekk Valdresmusea tilskott frå ENOVA, Innlandet fylkeskommune og Valdreskommunane – til saman 5,8 millionar kroner – til gjennomføring av ENØK-tiltak på Velkomstbygget på museet på Fagernes. Tiltaket vil bli gjennomført i 2024.

Pandemien skapte store utfordringar for museumssektoren, men utanlandsmarknaden er no på veg tilbake. I 2023 var det soleis ei auke i salet av billettar på cirka 10 %. Ein budsjetterer med ein liten vekst også i 2024. Budsjetterte billettinntekter i 2024 er kr. 830 000.

Vedtak:

Styret vedtek budsjettet og arbeidsplan for 2024.